



## KONTROLLUTVALET FOR MODALEN KOMMUNE

### MØTEUTSKRIFT

**Møtedato:** 21. mai 2019  
**Stad:** Formannskapssalen, kommunehuset  
**Kl.:** 09.00 - 12.00

**Tilstade:** Knut Moe (leiar), Sigmund Vikane (nestleiar) og Trude Langedal (medlem)

**Innkalla:** Rådmann Jo Bjarte Nordanger Tømmerbakke  
Assisterande Rådmann Ove Sæbø  
Økonomisjef Magne Verpelstad

**Revisjon:** Revisjonssjef Janne Eraker, Nordhordland Revisjon

**Sekretær:** Øivind Olsnes

**Forfall:**

---

#### 08/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

**Behandling i møte:**

**Framlegg til vedtak:**

Innkalling og sakliste er godkjent

**Samrøystes vedtak:**

Innkalling og sakliste er godkjent

#### 09/19 Godkjenning av møteutskrift

**Saksvedlegg:**

Møteutskrift frå møtet 12.02.2019

**Behandling i møte:**

**Framlegg til vedtak:**

Møteutskrift frå møte 12.02.2019 er godkjent

**Samrøystes vedtak:**

Møteutskrift frå møte 12.02.2019 er godkjent

## 10/19 Skriv og meldingar

### Saksvedlegg:

- Rapport til eigarkommunane av NHR IKS og IHR, datert 01.04.2019
- Vedtak K-sak 018/2019 Selskapskontroll – Modalen Næringsbygg AS

### Behandling i møte:

Revisjonssjefen orienterte om status for arbeidet med å slå saman dei to revisjonsselskapa.

### Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering

### Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering

## 11/19 Orientering om eigarskapsmelding - Modalen kommune

### Saksvedlegg:

Eigarskapsmelding – Modalen kommune - 2019

### Saksopplysningar:

Revisjonen gjennomførte i 2018 ein eigarskapskontroll av Modalen Næringsbygg AS. I rapporten vart det mellom anna rådd til at kommunen burde utarbeide ei eigarskapsmelding. Dette er no gjort. Eigarskapsmeldinga vart vedteken av kommunestyret i møte den 02.05.2019, sak 23/19.

Rådmannen er invitert til å gje ei orientering om eigarskapsmeldinga i møte.

### Behandling i møte:

Rådmann Jo Bjarte Tømmerbakke og assisterande Ove Sæbø orienterte om saka

Ove Sæbø gjekk gjennom korleis dei ulike punkta i rapporten er følgd opp  
Saka vart drøfta og kontrollutvalet fekk svar på ulike spørsmål

### Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet takkar for orienteringa og tek informasjonen til etterretning

### Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takkar for orienteringa og tek informasjonen til etterretning

## 12/19 Nordhordland Revisjon IKS – Engasjementsbrev – Modalen kommune

Saksvedlegg:

Engasjementsbrev – Modalen kommune.

Saksopplysningar:

Nordhordland Revisjon IKS har laga eit engasjementsbrev for Modalen kommune som vert lagt fram for kontrollutvalet til orientering.

**Behandling i møte:**

Revisjonssjefen orienterte kort om saka

**Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet tek revisjonen sitt engasjementsbrevet til etterretning

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek revisjonen sitt engasjementsbrevet til etterretning

## 13/19 Oppdragsansvarleg revisor sin uavhengighet i forhold til Modalen kommune, revisjon av årsrekneskap 2018

Saksvedlegg:

Vurdering av oppdragsansvarlig regnskapsrevisors uavhengighet i forhold til Modalen kommune, revisjon av årsregnskap 2018, datert 19.03.2019.

Saksopplysningar:

I møte den 13.11.2018 (sak 14/18) handsama kontrollutvalet Nordhordland Revisjon IKS sine eigenvurderingar av uavhengighet for 2018 i høve krav til kommunelova § 79 og revisjonsforskriftene §§ 13 og 14.

Janne Eraker er ny revisjonssjef i Nordhordland Revisjon IKS. Det er derfor laga ei ny eigenvurdering vedkomande revisjon av årsrekneskap for 2018.

**Behandling i møte:**

Revisjonssjefen orienterte kort om saka

**Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet tek revisor si erklæring om uavhengighet til etterretning

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek revisor si erklæring om uavhengighet til etterretning

## 14/19 Årsrekneskapen 2018 og revisjonsmelding – uttale frå kontrollutvalet

### Saksvedlegg:

Årsrekneskapen og årsmeldinga 2018, Modalen kommune  
Revisjonsmeldingar Modalen – datert 15.04.2019 og 14.05.2019  
Revisjonsrapport nr 14, datert 14.05.2019 Nordhordland Revisjon IKS

### Saksopplysningar:

Kontrollutvalet skal gje uttale om årsrekneskapet før det vert vedteke av kommunestyret. Kopi av uttalen skal til formannskapet før dette organet gjev innstilling om årsrekneskapet til kommunestyret, jf. § 7 i gjeldande «Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner».

### Behandling i møte:

Rådmann Jo Bjarte Tømmerbakke, økonomisjef Magne Verpelstad og Revisjonssjef Janne Eraker møtte i saka.

Rådmannen og økonomisjefen orienterte om årsrekneskapet og avvika som er på tenestemråda.

Revisjonssjef Janne Eraker orienterte om revisjonen sine merknader i Revisjonsrapport nr. 14.

Administrasjon og revisor svarte på spørsmål frå kontrollutvalet om tilhøve kring revisjonsrapporten, årsmeldinga og rekneskapen.

### Framlegg til uttale:

Med tilvising til det som her er nemnd gjev kontrollutvalet slik uttale til kommunestyret om Modalen kommune sin årsrekneskap for 2018:

Kontrollutvalet har handsama årsrekneskapen for Modalen kommune for 2018. Saman med årsrekneskapen låg føre årsmeldinga frå rådmannen, samt to revisjonsmeldingar for 2018 og revisjonsrapport nr. 14.

Kontrollutvalet meiner at presentasjon av årsrekneskapen med tilhøyrande spesifikasjonar og notar i saman med årsmeldinga, tilfredsstillar brukarane sitt informasjonsbehov.

Kontrollutvalet vil peike på følgjande:

### **Økonomisk resultat**

Rekneskapen for 2018 syner eit netto negativt driftsresultat på - 1,6 mill. kr, som utgjer -1,81 % av samla driftsinntekter. Driftsresultatet har ein stor nedgang frå 2017 som då enda på 10,3 mill. kr. Korrigert netto driftsresultat var – 2,8 mill kr mot 5,6 mill. kr for 2017.



For kommunesektoren er netto driftsresultatet tilrådd å vere på minimum 1,75%. Modalen kommune har lenge hatt eit godt driftsresultat, noko som er viktig for å kunne ha tilstrekkeleg økonomisk handlefridom. Kontrollutvalet rår til at det vert gjennomført tiltak som minimum gjev tilrådd driftsresultat over tid.

Driftsinntektene hadde i 2018 ein stor nedgang med -11,1% i høve til 2017. Driftsutgiftene auka berre med 0,34 % i 2018 i høve til 2017 og ligg soleis vesentleg under den generelle utgiftsveksten. Kontrollutvalet ser det som positivt at det gjennomført tiltak for å harmoniser inntekter og utgifter i året.

I samsvar med rekneskapsforskrifta er årsrekneskapen avslutta med eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr 0 etter gjennomføring av strykningar av ca 2.6 mill kr.

#### **Avvik i høve til budsjett - skjema 1A og 1B**

I forskrift om årsrekneskap og årsmelding § 10 er det eit krav at vesentleg avvik i utgifter i høve til budsjett skal gjerast greie for.

Kommunestyret har gjeve rammeløyving til ulike budsjettområde og avvik for desse er gjort fyldig greie for i årsmeldinga (s 22-23).

#### **Avvik i høve til budsjett - skjema 2A og 2B**

I investeringsrekneskapen – skjema 2B er det små avvik i høve revidert budsjett. Totalt var det samla finansieringsbehovet på 7,1 mill. kr. Dei totale investeringane vart 3,6 mill. kr, og er avslutta/saldert i balanse.

#### **Årsmelding**

Gjeldande kommunelov § 48 nr 5 seier at årsmeldinga skal gjere greie for den faktiske tilstanden for likestilling i kommunen og arbeidet med å sikre ein høg etisk standard. Dette er det gjort godt greie for i årsmeldinga (s 7).

Årsmeldinga gjev også god informasjon om utviklinga i sjukefråver (s 8). Kontrollutvalet vil særskilt peika på den positive utviklinga som har vore med stor nedgang i sjukefråvere i 2018.

Både årsmeldinga og årsrekneskapen er ryddig og gjev god informasjon til kommunestyret og brukarane om kommunen sine tenester. Det er i den samanheng nyttig at årsmeldinga også seier noko om gjennomføringa av måla for 2018.

#### **Revisjon**

Revisjon av årsrekneskapen og revisjonen gjennom året er tilfredsstillande utført etter kontrollutvalet si vurdering.

Rekneskapen vart ikkje avlagt innan tidsfristen som gjeld. Det bør vere eit mål med rekneskapen for 2019.

Av Revisjonsrapport nr 14 går det fram kva revisjonen har gjeve kommentarar til.

Kontrollutvalet vil i løpet av 2019 følge opp revisjonen sine kommentarar og merknader i Revisjonsrapport nr 14.

Utover dette og det som går fram av revisjonsmeldinga til årsrekneskapen datert 14.05.2019 og revisjonsrapport nr. 14 datert 14.05.2019, har kontrollutvalet ingen merknader til årsrekneskapen for Modalen kommune for 2018.

**Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet vedtek framlegget til uttale slik den føreligg

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet vedtek framlegget til uttale slik den føreligg

**15/19 Orientering om økonomisk status for kommunen 2019**

Saksvedlegg:

Saksopplysningar:

Økonomisjef Magne Verpelstad er beden om å gje ei orientering om den økonomiske statusen per 1. tertial 2019.

**Behandling i møte:**

Rådmann og økonomisjef møtte i saka

I orienteringa framkom mellom anna opplysningar om:

- Etter første tertial tyder det ikkje på at det vert eit meirforbruk i 2019
- Eigedomsskatten aukar i 2019
- Sal av konsesjonskraft i dei komande 4 åra
- Har ei uavklart klagesak vedkomande eigedomsskatt
- Er ein del utfordringar innan ulike tenesteområde
- Finansrapporten har ingen store endringar

**Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet takkar for orienteringa og tek den til etterretning

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet takkar for orienteringa og tek den til etterretning

## 16/19 Orientering om høringsframlegg av ny forskrift for kontrollutvalg- og revisjon

### Saksvedlegg:

- Kommunal- og moderniseringsdepartement, Høringsbrev dat. 31.01.2019 – ny kontrollutvalgs- og revisjonsforskrift
- Høringsnotat om ny kontrollutvalgs- og revisjonsforskrift, datert januar 2019
- Ny kommunelov - 2018, utdrag del 7. Eigenkontroll

### Saksopplysninger:

Stortinget vedtok ny kommunelov i 2018. Lova skal tre i kraft 01.01.2020 / ved første konstituerande kommune- eller fylkestingsmøte etter kommunevalet 2019.

Ulike forskrifter til lova er under revisjon.

Departementet har sendt ny **kontrollutvalgs- og revisjonsforskrift** på høyring. Den nye forskrifta skal tre i kraft ved første konstituerande kommunestyremøte etter kommunevalet 2019. Den skal erstatte dagens to forskrifter; **Kontrollutvalgsforskrifta** (15. juni 2004) og **Revisjonsforskrifta** (15. juni 2004).

Kontrollutvalssekretær vil i møte gje ei orientering om ulike endringar som departementet gjer framlegg om i sitt høringsnotat.

### **Behandling i møte:**

Sekretæren orienterte om saka

### **Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet tek orienteringa til etterretning

### **Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet takkar for orienteringa og tek den til etterretning

## 17/19 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

### Saksopplysninger:

Kontrollutvalet har tilgang til alle møteprotokollar.

### **Behandling i møte:**

Ingen merknader vart teke opp i møtet

### **Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet har ingen merknadar til møtebøker frå politiske utval

### **Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet har ingen merknadar til møtebøker frå politiske utval

## 18/19 Eventuelt

### Behandling i møte:

Ingen/ følgende saker vart tekne opp:

### Samrøystes vedtak:

Neste møte i kontrollutvalet er 24. september 2019 kl. 09.00

### **Førebels sakliste:**

- Evaluering av kontrollutvalet sitt arbeid i perioden
- Løypemelding forvaltningsprosjekt «PPT og spesialundervisning»
- Oppfølging revisjonsrapport nr 14

Modalen, 21.05.2019



Knut Moe/leiar



Øivind Olsnes/sekretær